

# RAPPORT OM ORDBOKARBEIDET 2002

Arbeidet med ny norsk-esperanto ordbok har gjort store framsteg i 2002. Fleire vanskar er overvunne, og slutten på den norske korrekturlesinga er like om hjørnet.

Arbeidet er leidd av redaksjonsnemnda, som er sett saman av Kjell Heggvold Ullestad, Jardar Eggesbø Abrahamsen og Herman Ranes. Grupo Esperantista en Trondheim (GET) har i tillegg til personar utanfor klubben ytt viktige bidrag i året som gjekk.

## 1. Kva er gjort i 2002

### Norsk korrekturlesing

Også i år har hovuddelen av arbeidet handla om å korrekturlesa den norske delen av databasen. I dette arbeidet har det inngått korrekturlesing av norske oppslagsord og uttrykk, ordklassemarkering og fagforkortingar, samt gruppering av tydingar. I året som gjekk, har dette arbeidet gått veldig bra, og i skrivande stund er denne fasen i ferd med å avsluttast. Eg blei ferdig med fyrste gjennomgang av materialet like over nyttår 2003, og det står nå berre att noko etterarbeid før den norske korrekturlesinga er omme.

### Korrekturlesing av omsettingar

GET har hatt sju dugnadsmøte der me har korrekturlese i alt ca. 11600 omsettingar. Arbeidet som blir gjort på desse møta får mykje å seia for arbeidet mitt med å gå gjennom omsettingane, både når det gjeld fart og presisjon.

Johan Hammond Rosbach har vore engasjert som fagekspert på zoologiske og botaniske termer, og han har korrekturlese store delar av dette materialet.

Rettingane gjort av GET og Rosbach er ikkje førde inn i databasen ennå.

### Komplettering av databasen

Det viste seg at bokstaven O mangla i databasen. Denne har nå kome på plass med god hjelp av Ester Olsen, og databasen er dermed komplett i fht. det opphavlege ordbokmaterialet.

I tillegg blir databasen jamt komplettert med tilleggstydingar som manglar av ord i basen. Dessutan er eg nå i ferd med å komplettera visse kategoriar ord som bør vera fullstendige (t.d. verdas land).

### Redaksjonelt arbeid

Arbeidet med å sila ut ord i databasen som ikkje er aktuelle for ei publisert utgåve, er godt i gang. GET tar slike avgjerder i plenum etter innstilling frå underteikna. For å få dette arbeidet raskt unna, har me innført ”vortara kvaronhoro” i dei ordinære klubbmøta.

Ordbokutvalet har endra namn til redaksjonsnemnd.

## **2. Problem med materialet**

Det viktigaste problemet i året som gjekk, var at bokstaven O mangla. Dette problemet er som nemnt ovanfor løyst.

Under arbeidet med S oppdaga me òg nokre grove manglar heilt tilfeldig. Dette handla om ord som var i det opphavlege kjeldematerialet, men som ein eller annan grunn ikkje hadde kome inn i databasen. Oppslaga under S i databasen blei derfor elektronisk samanlikna med det originale kjeldematerialet for S, og dei manglane som kom fram i denne samanlikninga, blei lagde inn i basen.

Denne erfaringa gjer sjølvstapt at me spør oss om det kan vera liknande manglar også i dei andre bokstavane. Me bestemte oss for ikkje å gjera slike samanlikningar for resten av materialet av to grunnar. For det fyrste er materialet i databasen så endra pga. korrekturlesinga at det er uråd å få ei påliteleg samanlikning, og for det andre var manglane for få i forhold til den ekstra arbeidsmengda samanlikninga medførte. I tillegg vil det sikkert bli avdekt manglar når materialet blir elektronisk samanlikna med Bokmålsordboka utpå våren 2003.

Dei mange og stadige endringane i databasen pga. korrekturlesinga gjer òg at den opphavlege strategien for utsiling av ”daude” ord (ord som ikkje skal vera med i den endelege ordboka, og som me dermed ikkje skal bruka tid på å korrekturlesa) måtte leggjast om. Dette arbeidet er nå framskunda og føregår parallelt med korrekturlesinga.

## **3. Arbeidsoppgåver i 2003**

Den viktigaste oppgåva i 2003 blir å koma godt i gang med den andre gjennomgangen av databasen, dvs. korrekturlesinga av omsettingane til esperanto.

Denne gjennomgangen blir truleg den siste samla gjennomgangen av materialet, og må derfor planleggjast og gjennomførast spesielt nøye. Dette er m.a. siste sjanse til å luka ut feil som er forbigått i den fyrste gjennomgangen. Vidare blir den utforminga databasen får under denne korrekturlesinga veldig retningsgjevande for korleis han kan brukast seinare. Før den andre gjennomgangen tar til, er det derfor ein del som må gjerast:

- Justeringar og etterkontroll etter 1. gjennomgang
- Komplettering av visse ordkategoriar
- Samanlikning med Bokmålsordboka
- Evt. supplering av materialet
- Fleire redaksjonelle avgjerder om utforming og innhald i databasen
- Planlegging av sjølv korrekturlesinga

Det siste punktet krev litt tid fordi det er ganske viktig at korrekturlesinga føregår etter ein bestemt plan, fyrst og fremst for å unngå dobbelarbeid, men òg for å halda oversikt, ikkje missa viktige søkjekriterium og – ikkje minst – for fortast mogleg å ha ein førebels ordbokversjon.

Sjølv korrekturlesinga kjem derfor truleg ikkje i gang før utpå våren.

#### 4. Framdrift

Den norske korrekturlesinga blei i 2001 berekna til ca. 600 timar. Det har vist seg å vera ei nær perfekt berekning.

Når det gjeld korrekturlesinga av omsettingane, er det vanskeleg å gjetta noko som helst før eg er komen i gang. Det er store variasjonar i vanskegrad på daglegdagse ord og faguttrykk, på det GET har korrekturlese og det som er upløgd mark, på materialet frå 1963-ordboka og på materialet som er samla inn etterpå. I og med at dette som nemnt er siste fullstendige gjennomgang, må ein dessutan ta seg ekstra tid.

Eg vil derfor tru at denne fasen vil ta atskillig lengre tid enn den norske korrekturlesinga. På den andre sida er det ingen grunn til å tru at denne etappen skal bli så mykje meir omfattande enn me førestiller oss, slik den norske korrekturlesinga blei. Databasen er nå ryddig og einheitleg, så det skal gå an å konsentrera seg om det ein skal konsentrera seg om i denne omgangen.

For eit år sidan sa me at me kunne ha som mål å ha ein elektronisk versjon klar om 4-5 år. Eg trur me kan halda fast på det, og altså nå ha som mål å vera ferdig med korrekturlesinga om 3-4 år.

#### 5. Tidsrekneskap

For året 2002 kan me setta opp fylgjande tidsrekneskap for ordbokarbeidet (tala viser talet på timar):

Lønna av Uhlen	290
Ester Olsen	40
J.H. Rosbach	40
GET	170
	-----
Totalt	540
	====

Også i 2003 vil ein del av arbeidet føregå som dugnad. GET har 6 ordbokmøte på planen for det fyrste halvåret, à 3,5 timar. Kor mange dugnadstimar dette blir totalt, kjem sjølv sagt an på oppmøtet. I tillegg blir ordninga med ordbokkvarteret på klubbmøta vidareført.

I tillegg vil enkeltpersonar yta dugnadsarbeid for spesielle oppgåver, som t.d. samanlikninga med Bokmålsordboka.

Trondheim, 12.1.2003

For redaksjonsnemnda,  
Kjell Heggvold Ullestad